

Sats på barnehagen – snu Sogn

Oppstart av Sogn regionråd sitt kvalitetsløft for barnehagesektoren

Oppsummering

"Dette er ein merkedag for barnehagesektoren i Sogn, og ikkje minst for Sogn regionråd". Med desse orda opna leiar i Sogn regionråd Torodd Urnes sitt kvalitetsløft for barnehagesektoren. Mykje av grunnlaget for livslang læring blir lagt i barnehagen, sa Urnes. Det er ein av våre viktigaste læringsarenaer. No er tida mogen for å satse på barnehagen slik vi har satsa på skulesektoren.

Etter ordførar Urnes sin velkomsttale var det Stortingsrepresentant Tor Bremer, frå Utdanningskomiteen som hadde ordet. "De er eit eksempel til etterfølging", sa Bremer. "De tek den nasjonale politikken på alvor". Bremer peika på utfordringa i den moderne barnehagen, det å balansere mellom leik, omsorg, læring og danning. Utfordringa til Bremer er å omsetje danning og føremålsparagrafen i praksis.

Siri Westgård, fagleiar i KS, hadde innlegget "Stolte og unike: Velferdsutvikling i kommunal regi". Ho peika mellom anna på at den store utbygginga av plassar no er ferdig, og at tida nettopp er mogen for satsing på innhald og kvalitet. Westgård peika på eit paradoks; samstundes som nasjonen skal satse på innhald, etterlyser studentane på forskulelærarutdanninga kunnskap om leiing – og sjukefraværet er på heile 11,9% - og det aukar.

Fylkesleiar i Utdanningsforbundet Gunn Marit Haugsbø sitt innlegg heit "Profesjonelle profesjonsutøvarar i ei ny tid". Hennar fokus var ført og fremst samhandlinga mellom den profesjonelle og proaktive leiarene, den myndiggjorde medarbeidaren og den profesjonelle tillitsvalde. Her kan ikkje tillit og samarbeidsklima vedtakast. Det må skapast over tid, sa ho og peika på skilnaden mellom ei utviklingslogikk og ei forvalningslogikk. Det er trond for både, men til ulik tid.

Sats på inkluderande arbeidsliv! Under denne tittelen framførte fylkesdirektør Tore Thorsnes kvifor NAV Arbeidslivssenter er ein av dei fire aktørane som har underteikna partnarskapsavtalen for prosjektet "Sats på barnehagen – snu Sogn". Samfunnet treng meir forpliktande samarbeid mellom dei ulike offentlege aktørane. Tendensen til fråfall i vidaregåande skule kan de sjå i tidleg barnehagealder, sa Thorsnes.

Utdanningsdirektør hjå Fylkesmannen, Åslaug Krogsæter gratulerte med satsinga på barnehagesektoren i Sogn. På nasjonalt nivå er staten sine ambisjonar å tilby leiarutdanning til 280 styrarar i 2011. I Sogn ligg de først i løypa, kunne utdanningsdirektøren melde. Samstundes peika ho på ei sentral utfordring for kommunane: Barnehagefagleg utvikling krev barnehagefagleg kompetanse på kommunenivå. Det er ei avgjerande faktor, og kanskje eit mogleg samarbeidsområde for regionrådet?

Styreliar for Høgskulen i Sogn og Fjordane, Heidi-Kathrin Osland, peikte på at leiarutdanninga var eit springbrett for barnehageutviklinga. Ho viste også til at forsamlinga var i trygge hender, spesielt etter at NOKOUT, den statlege evalueringa av universiteta og høgskulane, nettopp har levert ei framifrå konklusjon på arbeidet som forskulelærarutdanninga i Sogndal står for.

Knut Roald, dosent ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, tok utgangspunkt i barnehagestyraren sitt arbeid med personalutvikling – og stilte spørsmålet om barnehagane kan bli lærande organisasjoner. Fram til våren 2012 skal styrarane og dei pedagogiske leiarane på leiarutdanning nettopp ta tak i denne utfordringa!

Men – kanskje kjekkast av alt var Kyrkjebakken barnehage som kom på "overraskingsbesøk". Dei framførde tre flotte songar – og tok salen med storm!

Takk til alle som deltok!

Sogndal, 7.12.2010
Claus Røynesdal
prosjektleiar



Sats på barnehagen – snu Sogn

Oppstart av Sogn regionråd sitt kvalitetsløft for barnehagesektoren

Quality Hotel Sogndal, 30.november - 1.desember 2010

SGN REGIONRÅD